

M E I S T E R E N.

Meisteren er her og spør etter Deg,  
Du som enno er ung.  
Ser at Du gjeng på ein färefull veg  
mot ein livslagnad tung.  
Vil Du 'kje snu mot eit fagrare land ?  
Jesus vil gje' Deg ei bergande hand  
/ i din ungdom. /

Meisteren er her og spør etter Deg.  
Ingen elskar Deg so.  
Dårande makter mot stupet Deg dreg.  
Han vil frelsa Deg no.  
Striden om livet ditt bårar og syd - - -.  
Høyr kva din mektige Frelsar Deg byd  
/ i din ungdom /.

Meisteren er her og spør etter Deg.  
No på valet Du står.  
Byd Deg eit livsrom i samfunn med seg  
om han vinna Deg får.  
Då får Du eiga det største på jord :  
Syndeforlating og liv på hans ord  
/ i din ungdom /.

Meisteren er her og spør etter Deg.  
De må møtast De two.

Snu frå den svikfulle undergangsveg Du hev ferdast til no.

Røm ikkje bort frå hans kjærlege kall. Gjev Deg din herlege Frelsar i valo

/ i din ungdom /.

Johs.M.L.Rydlund.